


MOTTATT 24 NOV 2005



KVAM HERAD

HELSE OG VELFERD

Det Kongelige Justis- og politidepartementet

Pb 8005 Dep

0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
24 NOV 2005	
SAKSNR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/EO/HI
DOK.NR. 27	ARKIVKODE:

Vår ref.
05/1296-4/N-305//URWE

Dykkar ref.

Dato:
10.11.2005

NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet. Høyringsuttale frå Kvam herad.

Kvam Formannskap har i møte 23.08.2005 send NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet – Rettslig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsatt funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle til Rådet for funksjonshemma i Kvam herad for vurdering.

Rådet for funksjonshemma i Kvam har handsama uttalen i 2 møter.

- I. Rådet er samd i forslag til lovteksten og vil her berre gi sin støtte/kommentar til tekster det har vore usemje/dissens om i lovutvalet:

§ 4 Rådet støtter fleirtalet sitt forslag.

§ 5 Rådet støtter fleirtalet sitt forslag.

§ 11 Rådet støtter Buvik, Fjellanger og Larsen sitt forslag

§ 12 Rådet støtter fleirtalet sitt forslag.

§ 14 Rådet slutter seg til fleirtalet sitt forslag for å kvalitetssikre gjennomføringa av klagen. blir ståande slik det er.

- II. Vedkomande forslag om andre lovendringar:

Lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.:

§ 4 –2 Tjenester:)

Rådet støtter at nytt pkt e) vert teken inn, men ber om at kommunane vert tilført midlar til gjennomføringa.

Lov av 14. juni 1985 nr. 77 Plan og bygningslov

§ 2 Formål:

Rådet støtter at endringane i 3. ledd vert teken inn og at nytt 4. ledd vert tilført. Det skal ikkje vera lett å få dispensasjon, slik det er no og som det vart påpekt i NOU 2001: 22 Fra Bruker til Borger.

Lov av 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø:

§ 54 B: Rådet støtter at nytt pkt. 3. vert teken inn.

Lov av 23. mai 1997 nr 31 om eierseksjoner:

§ 3 a: Rådet støtter at nytt 4. ledd vert teken inn.

Lov av 29. mars 1999 nr 17 om husleieavtaler

§ 1-8: Rådet støtter at nytt ledd nr 5 vert teken inn.

Lov av 6. juni 2003 nr 38 om bustadbygging

§ 1-8: Rådet støtter at nytt ledd nr 5 vert teken inn.

Lov av 6. juni 2003 nr 39 om burettslag

§ 1-5: Rådet støtter at nytt ledd nr 5 vert teken inn.


III. Lov om.....Likestillings- og diskrimineringsombudet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda

§ 1: Formål og virkeområde

Rådet støtter at pkt 3 vert teken inn som et nødvendig ledd til loven sitt virkeområde.

Med sin uttale vil rådet for funksjonshemma i Kvam herad bidra til å styrke loven slik vi ønskjer den skal vera, da den tar utgangspunkt i menneskerettighetene på line med Kvam herad sin Kommunedelplan: Handlingsplan for funksjonshemma 2004 – 2007.

Med helsing



Lars Djupevåg

- leiar -